



DEN NORSKE KYRKJA Stedje Sokneråd

Sogndal 30.01.2025

Protokoll for møte i Stedje sokneråd, onsdag 22.01.25

Desse møtte: Guri Høstaker Nordheim, Marta Fimreite, Kirsti Møller Bruland, Kirsti Lunde, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik og Grete Katrin Sønnesyn, Britt Hovland Selseng,

Desse melde forfall: Jorunn Furuheim, Sigfred Stenehjem, Astrid Bondevik.

Opningsord ved Marta

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Protokoll frå møtet 27.11.24 vart godkjend og underskriven.

Orienteringssaker

1. gudstenester sidan siste møtet
 - a) barnegudstenester
 - b) konsert v/elevvar frå Trudvang
 - c) julegudstenester
 - d) juletefest
 - e) samkome for ukrainarar, soknerådet betalte husaleiga
 - f) konfirmantleir på Lyngmo
2. Stedjetunet, sjå vedlegg
3. Takk frå Terje Vatløstad for gåva, kr 5000. Den vert brukt på «kulturreise» i Oslo, febr – 25
4. Finansiering flygel i Stedje kyrkje. Rest **kr 18707,67**
5. «Vi syng jula inn» 22.des -25 i Stedje kyrkje. **Overskot kr 589,25**

I tillegg vart det løfta fram eit innspel som var kome til soknerådet; om det er mogeleg å heve lydnivået i mikrofonen på golvet i kyrkja, då nokon opplever at dette er for lågt? Dette innspelet kom i etterkant av ei gravferd. Vi tek spørsmålet med vidare til kyrkjetenar.

Vedtaksaker

Sak 01/25 Rekneskapen 2024

Leif Arne orienterte om rekneskapen for Stedje sokn 2024

Vedtak: Soknerådet tek rekneskapen for 2024 til vitande.

Sak 02/25 Årsmøte for 2024

Vedtak: Årsmøte vert ein sundag i mars, etter gudsteneste. Dato ikkje fastset.

Sak 03/25 Dugnad v/tilstellingar/minnestund på Stedjetunet

Vedtak: Soknerådet noterte nokre namn på personar som kan spørjast om å ta på seg slike oppgåver. Dette spørsmålet jobbar soknerådet vidare med framover.

Sak 04/25 Fellessamling 11. februar. Inspirasjonssamlingi «Kyrkja vår»

Vedtak: Kvar soknerådsmedlem melder seg sjølv på til denne samlinga.

Sak 05/25 Fasteaksjon 2025, 6-8.april

Vedtak:

Arbeidsgruppe/ansvar for Roder:

Marta, Grete Katrin og Kirsti M.B. Marta tek kontakt med Gitte angående roder.

Arbeidsgruppe/ ansvar for å ordne bøsse/ lage til på Stedjetunet/ levere ut og ta imot bøsene:

Sigfred, Kirsti L, Guri, Britt.

Under sjølve gjennomføringa av fasteaksjonen treng vi at så mange som mogeleg frå soknerådet er med og bidreg med ulike oppgåver.

Sak 06/25 17.mai 2025

Vedtak: I år vert gudstenesta i kyrkja som tidlegare. Vi gjer ei ny vurdering neste år, om vi skal ha gudstenesta ved minnesmerket til Arve Beheim Karlsen.

Neste møte: 19.02.25

Sogndal 30.01.25

Marta Fimreite - leiar

Guri Høstaker Nordheim- sekretær